

Bokanmeldelser

Erling Kittelsen og filologien

Kittelsen, Erling:

Vindkald

Oslo: Aschehoug, 2001, 208 sider

Dette er ein kommentar til Erling Kittelsens siste bok, *Vindkald*. Boka skal vera ein «dialog» med dei to eddakveda *Grogaldar* (*Grógaldar*) og *Fjølsvinnsmål* (*Fjølsvinnsmál*), og er ei blanding av gjendikting, kommentar, tolking og tildikting inspirert av dei to kveda. I sjølve gjendiktinga er det nokre banale omsettingsfeil (sjå nedanfor), men for det meste følgjer gjendiktinga originalen presist når det gjeld innhaldet. Når Kittelsen også fyller versemålet godt, med eit ledig og naturleg språk, vil eg seia at Kittelsen, alt i alt, har gjort ein respektabel jobb med sjølve gjendiktinga. Hadde det vori same nivå på handverket i resten av boka, så hadde eg oppmuntra Kittelsen. Det er flott at andre enn filologar har interesse av eddadiktinga, og at ein diktar vil dikte ut frå ho, er enda betre. Men resten av det Kittelsen gjer med dei to kveda er fagleg sett svært problematisk, og det synest eg at eg bør gjera merksam på. Kittelsen framstiller det som *Vindkald* ikkje berre er ei gjendikting med eit subjektivt «svar» til dei to kveda, men også ein fagleg kommentar og ei fagleg underbygd tolking av *Grogaldar* og *Fjølsvinnsmål*. Slik er det ikkje. For det meste er kommentarane og tolkingane til Kittelsen berre til å riste på hovudet av, dessverre. Problemet blir forsterka av at han blandar dei faglege freistnadene i hop med det han diktar, slik at lesaren ikkje alltid veit kva som er kva. – Min bakgrunn for å skrive om *Vindkald* er at eg tok magistergraden i norrøn filologi på *Fjølsvinnsmål* i 1998.

Før eg går nærare inn på kritikken, gjer eg greie for dei to eddakveda og verket til Kittelsen: *Grogaldar* og *Fjølsvinnsmål* høyrer til dei minst kjende eddakveda. Dei er ikkje overleverte i pergamenthandskrifter frå mellomalderen, berre i papirhandskrifter frå 16–1700-talet. Likevel er det semje om at dei er frå 1200-talet eller før. På grunnlag av ei dansk folkevises frå 1500-talet, har dei frå andre helyta av 1800-talet vorti rekna som fyrste og siste tredjedel av eit større, tapt kvede, **Svipdagsmål*. Midtpartiet skal da vera tapt (jf. Heide 1997:11–50). Kittelsen si kopling av *Grogaldar* og *Fjølsvinnsmål* bygger på denne teorien. Dei siste 100 åra er det få som har forska på dei to kveda, mykje på grunn av at dei har vorti rekna som kvasimytologiske etterlikningar frå kristen tid. I magisteravhandlinga mi la eg imot desse oppfatningane om *Fjølsvinnsmål*. At dei kunne halde seg så lenge, meiner eg kjem av at *Fjølsvinnsmål* er så kryptisk og at oppfatningane heldt seg sjølve oppe: Granskarane venta ikkje å finne noko interessant i kvedet, og granska det derfor ikkje så grundig.

Grogaldar, som er på 16 strofer i ljodahått, fortel at ein son vekker mora frå grava for at ho skal gala galdrar for han. Galdrane skal hjelpe han mot alle slag farar på ei ferd som han med trolldom er tvinga til å fara, kan hende til ei som heiter Menglød (namnet kjem fram med tekstendring). Desse galdrane utgjer mesteparten av kvedet. I *Fjølsvinnsmål*, som er på 50 strofer, også i ljodahått, kjem ein som kallar seg *Vindkald* til ein gard eller ei borg der han møter ein vaktmann som heiter *Fjølsvinn*. *Vindkald* spør ut vaktmannen om garden og korleis ein kan komma seg inn i den. Desse spørsmåla og svara utgjer mesteparten av

kvedet. Vindkald får veta at ei som heiter Menglød rår over garden, og vi forstår etter kvart at det er henne Vindkald er ute etter. Fjølsvinn sine svar gjev mange mytologiske opplysningar, mellom anna om eit tre – kalla Mimameid – som svarar til verdstreet og som det sit ein hane i toppen på. Skal Vindkald komma seg inn i garden, må han kaste noko av hanen til vakthundane. Men for å få has på hanen, treng han eit våpen – Lævatein – som ligg nedlåst i ei jærnkiste hos ei gyger i underheimane, ho heiter Sinmara. Dette våpenet gjev ho berre frå seg mot ein viss ting på hanen. Det er altså uråd for Vindkald å komma seg inn. Til slutt kan han likevel spasere inn, for det viser seg at han eigentleg er Svipdag, som er utvald til Menglød, og som porten opnar seg for og hundane lograr for.

Kittelsen legg Sophus Bugge (1867) si utgåve av eddakveda til grunn for arbeidet sitt (den er enno den beste. Eg siterer frå den.), «supplert av» Finnur Jónsson (1932) si populariserte utgåve (Kittelsen 2001:6). Kittelsen gjendiktar dei to kveda i det originale versemålet. Under kvar gjen dikta strofe set han originalstrofa (or Bugge si utgåve). Så «svarer» Kittelsen, slik han sjølv uttrykker det (ibid:8), strofe for strofe, i prosa. Resultatet kallar han ein «litterær [...] dialog med Edda» (etterordet). I vaskesetelen til boka blir «svara» kalla for «mottekst». Dei inneheld både reine opplysningar om originalteksten og omsettinga, tolkingar og drøftingar av dei, tilvising til andre tekststader, og assosiasjonar kring tematikk Kittelsen ser i strofene og dikta samla. Desse assosiasjonane femner vidt, og dei fyller mykje av teksten. Dei filologiske opplysningane har ofte, men ikkje alltid, ei faglitterær form. Tolkingane og assosiasjonane er haldne i eit slag skjønnlitterær form full av paradoksale og gåtefulle formuleringar, uvanleg teiknsetting og lange, oppramsande setningar. Dette gjer tankane og resonnementa tungt tilgjengelege, og det er tydelegvis meininga. Kveda sjølve, og særleg Fjølsvinnsmål, er òg dimme, så kanskje har Kittelsen meint at «svara» burde vera løyndomsfulle som dei. Dei filologiske og dei skjønnlitterære innslaga står om einannan, som

én tekst. Denne forma blir òg gjennomført i innleiinga:

Min egen tilnærming var å gå inn i emnet til det kjentes som jeg kunne fullført i faglig forstand, så slipper jeg denne pretensjonen, gir stoffet subjektivitet og mitt språk, går videre et sted vi alle er, har ikke råd til assosiasjoner, en sult vet ikke bedre. Jeg merker at du er der, jeg er ikke alene, men nokså ensom, som å ha ryggmargen et sted, om jeg forstår det helt eller ikke har noe valg. (ibid:6. Sitatet utgjør eit avsnitt.)

Den største innvendinga mi er at Kittelsen framstiller det som «motteksten» står på fagleg grunn. Han seier han har så godt grep om stoffet at han kjenner det som han «[...] kunne fullført i faglig forstand [...]» (ibid:6) – altså skrivi ein fagartikkel eller ei avhandling – i staden for å skrive *Vindkala*. Gjennom heile boka dreg han inn andre eddastrofer og andre tekststader frå den norrøne litteraturen som skal kaste lys over den han drøftar. På same vis drøftar Kittelsen gjennom heile boka ord i grunnteksten: kva dei tyder etter ordbøkene, kva etymologi dei har, korleis dei er brukte andre stader i kjeldene, osb. Han opplyser at han stundom vel handskriftvariantar i staden for Bugge sine rettingsframlegg når det gjeld originalteksten (ibid:7–8). Fleire stader drøftar han variantane og vanskanne i grunnteksten: Hanenamennt: *Viðofnir* / *Viðopnir* (ibid:112, 130), nemningane for treet Mimameid: *baðmr*, *barmr*, *barr* (ibid:115), namnet *Lævateinn*, som i handskriftene står som *Hævateinn* (ibid:138), og namnet på det eldomkransa huset til Menglød: *Hyr(r)*, *Hýrr*, *Lýr(r)* (ibid:156). Nokre stader har Kittelsen òg tilvising til faglitteratur, til dømes: «Else Mundal (1992)» (Kittelsen 2001:130), Hjalmar Falk si «avhandling om Grogalders/Fjolsvinnsmaal (1893/1894)» (ibid:123), «en magistergrad av Eldar Heide (1997)» (ibid), m.m. I det ytre legg Kittelsen seg her opp mot filologen sin framgangsmåte. Han nemner òg at norrønfilologen Ludvig Holm-Olsen følgde Kittelsens råd i si gjendiktning av eddakveda (Kittelsen 2001:123).

Kittelsen gjev altså inntrykk av «en stasesten» på solid kompetanse og dyktig drøfting.

Ser ein nærare etter, så sei letet. Faktisk er det fleire klår gjendiktinga. I Fjølsvinnsmål (ibid.:129) *kvistum* 'kvister' n svinnsmål 30 (ibid.:148) omset bort, la få' med substantive (ibid.:196) omset han hankjøn ralsk' feil' med «forbannelser Kittelsen den overordna tolki tinga. I strofe 28 (ibid.:143) o 'eiga' med å «ha inne», truleg kva grunn) ser det å «ha inne som eit gjennomgangstema i F nande grunnar omset Kittel inkjekjønnsordet *mæti* 'pris; d fe 29 med «gavemål».

Det same inntrykket gjev ctinga i «motteksten». I Fjølsvirforvanska, men pga. ordet «oblik kasus av hankjønnsorde» mogeleg det står noko om at sorg. Her blingsar Kittelsen påtar *ekka* som originaltekst), og *ekkja*; sorgfull i betydning alerme som ordet «enke» [...]» (*ekkja* og dansk/norsk *enke* er det. Men norrønt *ekka* (i norranna, og nokon samanheng meikkje kjend (*ekki* < **inkan-*, Åsgeir Blöndal Magnússon 1981 fe 26 omset Kittelsen ordet *rú*). Eg kan ikkje sjå det er grunnlag; han nemner ingen argument; han eit stort poeng av denne «vatein skal ha vorti til i (ibid same strofa (Fjølsvinnsmål 26 som Lævatein ligg i er låst m*njard-* meiner etymologane h; stammen som gudenamnet *Nj*; orda er da at ordstammen tidl'kraft' (jf. gammalirsk *nert* ‘

na blir òg gjennomført i inn-

g var å gå inn i emnet til det ne fullført i faglig forstand, så tensjonen, gir stoffet subjektigår vidare et sted vi alle er, har ner, en sult vet ikke bedre. Jeg jeg er ikke alene, men nokså smargen et sted, om jeg forstår ir noe valg. (ibid:6. Sitatet ut-

iga mi er at Kittelsen fram-
«sten» står på fagleg grunn.
godt grep om stoffet at han
«[...] kunne fullført i faglig
— altså skrivi ein fagartikkel
staden for å skrive *Vindkald*.
reg han inn andre eddastro-
er frå den norrøne litteratu-
s over den han drøftar. På
telsen gjennom heile boka
va dei tyder etter ordbøke-
i har, korleis dei er brukte
e, osb. Han opplyser at han
ftvariantar i staden for Bug-
egg når det gjeld original-
eire stader drøftar han vari-
grunnteksten: Hanenamet:
l:112, 130), nemningane for
; *barmr*, *barr* (ibid:115), nam-
andskriftene står som *Hæ-*
namnet på det eldomkransa
r(r), *Hýrr*, *Lýr(r)* (ibid:156).
lsen òg tilvising til faglittera-
Mundal (1992)» (Kittelsen
lk si «avhandling om Grogal-
193/1894)» (ibid:123), «en
Heide (1997)» (ibid), m.m.
n seg her opp mot filologen
n nemner òg at norrønfilo-
lsen følgde Kittelsens råd i si
reda (Kittelsen 2001:123).

Kittelsen gjev altså inntrykk av å basere «motteksten» på solid kompetanse og seriøs, filologisk drøfting.

Ser ein nærare etter, så stemmer ikkje dette biletet. Faktisk er det fleire klåre feil jamvel i sjølve gjendiktinga. I Fjølsvinnsmål 24 omset Kittelsen (ibid:129) *kvistum* 'kvister' med «mast». I Fjølsvinnsmål 30 (ibid:148) omset han verbet *ljá* 'låne bort, la få' med substantivet «ljå». I strofe 47 (ibid:196) omset han hankjønnsordet *lozstr* '(moralisk) feil' med «forbannelser». Eit par stader lèt Kittelsen den overordna tolkinga si tvinge omsettinga. I strofe 28 (ibid:143) omset han verbet *eiga* 'eiga' med å «ha inne», truleg fordi han (uvisst av kva grunn) ser det å «ha inne» eller «halde inne» som eit gjennomgangstema i Fjølsvinnsmål. Av liknande grunnar omset Kittelsen (ibid:146–147) inkjekjønnsordet *mæti* 'pris; dyrverdig ting' i strofe 29 med «gavemål».

Det same inntrykket gjev den filologiske drøftinga i «motteksten». I Fjølsvinnsmål 24 er teksten forvanska, men pga. ordet *ekka*, som kan vera oblik kasus av hankjønnsordet *ekki* 'sorg', er det mogeleg det står noko om at Sinnmara er plaga av sorg. Her blingsar Kittelsen på teksten (han prentar *ekka* som originaltekst), og skriv at Sinnmara «er *ekkja*; sorgfull i betydning alene, samme ordstamme som ordet «enke» [...]» (ibid:132). Norrønt *ekkja* og dansk/norsk *enke* er former av same ordet. Men norrønt *ekka* (i nominativ *ekki*) er noko anna, og nokon samanheng mellom *ekki* og *ekkja* er ikkje kjend (*ekki* < **inkan-*, *ekkja* < **ain(a)kjōn*, Åsgeir Blöndal Magnússon 1989:149–150). I strofe 26 omset Kittelsen ordet *rúinn* med «i tomhet». Eg kan ikkje sjå det er grunnlag for omsettinga, og han nemner ingen argument for ho. Likevel gjer han eit stort poeng av denne «tomheita» som Lævatein skal ha vorti til i (ibid:136–137, 139). I same strofa (Fjølsvinnsmål 26) heiter det at kista som Lævatein ligg i er låst med *njarðlásar*. Dette *njarð-* meiner etymologane høyrer til same ordstammen som gudenamnet *Njorðr*. Bandet mellom orda er da at ordstammen tidlegare hadde tydinga 'kraft' (jf. gammalirsk *nert* 'kraft'), og ikkje at

njarð- er avleidd av gudenamnet (Åsgeir Blöndal Magnússon 1989:670–671). Eit sterkt argument for dette er at styrkebeltet til Tor ein stad er kalla *njarðggjorð* (Torsdråpa 7, *Den norsk-islandske skjaldedigtning* B-I:141. Høkjønnsordet *ggjorð* tyder 'gjord, band ikring noko'). Det ville vera underleg om beltet til Tor skulle nemnast etter ein annan gud, og tydinga «kraftgjord» høver på ein prikk på styrkebeltet hans. Kittelsen ser bort frå denne etymologien. Utan drøfting går han ut frå at føreleken i *njarðláss* er gudenamnet Njord, og på bakgrunn av det dreg han Njord og opplysningar om Njord inn i tolkinga av Fjølsvinnsmål (Kittelsen 2001:139, 140, 158, 160). Verbet *blóta* 'blote, ofre til heiden gud', forklarar Kittelsen som å «gjøre den andre bløt, bløtgjøre» (ibid:175–176). Her går han imot alle etymologane utan å argumentere. I Fjølsvinnsmål 46 har Vindkald sagt at han (eigentleg) er Svipdag, og Menglød bed om å få *jarteign/jarteikn* om det. Dette ordet forklarar Kittelsen slik: «[...] jærteign; *jar*: kant, et merke, jamfør *mjoztuðr*: mål, merke skjebne [...]» (ibid:195). Det ordet *jar(e)* 'kant' som Kittelsen dreg fram her, hadde i norrønt forma *jaðarr*. Det har derfor ingen ting med norrønt *jarteikn* å gjera (Da skulle det heitt **jaðarteikn* eller **jaðarsteikn*, men i så fall ville det hatt tydinga «kantteikn»). Dessutan tydde korkje *jaðarr* eller *mjoztuðr* «merke», slik Kittelsen seier. — Døme som dette finst på fleirtalet av «mottekst»-sidene i boka.

Ugrei er også Kittelsen sin omgang med originalteksten, som alltid er eit problem i eddakvede. Handskriftene sprikar, og somme strofer er forvanska i alle handskriftene, slik at dei ikkje gjev meining, eller dei er tungt forståelege av andre grunnar. I Fjølsvinnsmål er det uvanleg mange problematiske strofer, og Fjølsvinnsmål er blant dei eddakveda det er arbeidd minst med. Dette får ikkje lesarane til Kittelsen veta. Berre unnaksvis (sjå ovanfor) drøftar han tekstvariantar eller vanskar med teksten. Til dømes nemner han ikkje at namnet *Mengløð* i Grogalder 3 (Kittelsen 2001:19–22) kjem fram med tekstendring, enda det er det einaste i norrøn litteratur som set Gro-

galder i samband med Fjølsvinnsmål, jf. Heide 1997:14, 41. I Fjølsvinnsmål 13 er dei to siste linjene meiningslause slik dei står i handskriftene, og handskriftene sprikar veldig. Sophus Bugge (1867:345) har eit kløktig endringsframlegg i utgåva si. Det skil seg likevel drastisk frå det som står i handskriftene, men Kittelsen nemner ikkje at han legg det til grunn for gjendiktinga (Kittelsen 2001:98–99). I strofe 24 gjev andre halvstrofa ikkje meining i handskriftene eller hos Bugge. Det er vanskeleg å seia korleis ein med minst retting kan få meining i halvstrofa, og det er vanskeleg å seia særleg mykje om innhaldet. Kittelsen brukar tre sider (Kittelsen 2001:130–132) på å kommentere og «svara» denne strofa, men nemner ikkje desse vanskane. Han gjev ei klår og utvitydig gjendikting, og kommenterer ikkje resonnementa og vala som ligg bak. I strofe 32 (ibid:155) endrar Kittelsen originalteksten frå *Hyrr* til *Hlýr* utan å nemne det, enda han i «motteksten» drøftar variantane av ordet (ibid:156–157, jf. s. her). Kittelsen nemner heller ikkje vanskane med *varðir* i strofe 14 (Kittelsen 2001:100–101), *vengbráðir* i strofe 18 (ibid:118), *flærat* i strofe 20 og 21 (ibid:116–117, 120–21), *móði* i strofe 21 (ibid:120–21) eller siste halvstrofa i strofe 22 (ibid:122–25) – eller dei andre tekstvanskane.

Kittelsen har valt å ikkje ha litteraturliste og å bygge på lite av det andre har gjort. Det er privilegiet til den skjønnlitterære forfattaren. I dette tilfellet er det likevel fleire problem med det valet. For det fyrste gjev ikkje verket til Kittelsen seg eintydig ut for å vera skjønnlitterært. Som nemnt er boka full av teikn på at det også er meint som ein kommentar til kveda og ei fagleg fundert tolking av dei. Da kan ikkje forfattaren dekke seg bak at han skriv skjønnlitteratur. For det andre er det nyttelaust å arbeide med så vanskelege tekstar utan å bygge på det andre har gjort. Så Kittelsen bygger på andre, han òg, og viser til nokre arbeid, men utan å ha litteraturliste. Sjølvstendige verk kan ein likevel finne fram til gjennom bibliotekatalogane. Men artiklane Kittelsen viser til, er det uråd å finne fram til (om ein ikkje kan spørja nokon som til-

feldigvis veit det). Andre han bygger på, nemner han ikkje. Mellom anna er det nokre stader Kittelsen bygger på eller polemiserer mot Heide 1997 utan å nemne det (ibid:121 [jf. Heide 1997:193–206], 144, 149 [jf. Heide 1997:132–133]). Ut frå den forma Kittelsen har valt, er det største problemet når det gjeld *Vindkald* og sekundærlitteraturen, likevel at Kittelsen berre hist og her viser til andre sine resultat. Det er kjepphøgt når ein arbeider med så vanskelege tekstar. Mange gamle forslag er svært gode, og dei har Kittelsen hatt kjennskap til gjennom Heide 1997 (særleg kap. VI-1), som går gjennom forskings- og tolkingshistoria til Fjølsvinnsmål og til ein viss grad Grogalder. Tolkinga i Heide 1997 er så radikal at ho ikkje er vorten «standard» utan vidare. Avhandlinga er likevel det nyaste og grundigaste forskingsarbeidet som er gjort om Fjølsvinnsmål og Grogalder. Ho føreslår ei lesing av dei sentrale strofene i Fjølsvinnsmål som gjev ei ny heilskapstolking og som opnar heilt nye perspektiv på kvedet. Da er det useriøst av Kittelsen å ikkje nemne avhandlinga anna enn i drøftinga av eitt ord (Kittelsen 2001:123–125). Han bør ikkje sjå bort frå at lesarane kunne hatt interesse av å få kjennskap til dei nye leseमतane, jamvel om han sjølv ikkje vil bygge på dei. Eg forstår at Kittelsen i ei bok som også er skjønnlitterær vil ha eit minimum av tilvisingar. Det kunne han oppnådd på andre måtar, t.d. gjennom å liste opp og gjera greie for litteraturen ein bygger på bak i boka (slik som t.d. hos Meulengracht Sørensen 1983. Den er ikkje skjønnlitterær, men poenget blir det same). Ein bør ikkje løyse problemet med å ikkje vise til litteratur ein bygger på eller å sjå bort frå det som er gjort tidlegare.

Dei skjønnlitterære sidene av *Vindkald* vil eg ikkje uttala meg om, det får litteraturvetarar gjera. Eg ser det likevel som eit problem at Kittelsen ikkje gjer det klårt for lesaren kva som er filologiske freistnader og kva som er tildikting. I det stykket er systerboka *Hun* frå 1989 (basert på Voluspá) ryddigare. Der har Kittelsen samla opplysningane om teksten og tolkinga nærmast som fotnotar under kvar originalstrofe. Så kjenner lesaren seg

tryggare på grunnteksten, og tildikting. I *Vindkald*, derimot Lesaren veit mange gonger ikkje meint som faktaopplysning, gjetting eller dikting. Dette er rært grep, men også litterære gjera rett mot tekstane dei bruke «opppløysingsteknikk» i tekstar som lesaren har eit forl i alle fall kan skaffe seg opplysning. Noko heilt anna er det i blant dei tyngst tilgjengelege terte i ein framandspråkleg dikting ikkje elles er så godt kjend. D sjsanselaus mot diktaren, så s (lesaren) har spesialkompetan

Gjenbruk av den norrøne god ting, og andre enn norrøne sagt få prøve seg. Eg tykkjer eit godt døme på korleis det l vis. Ho gav i 1987 ut ein ro hennar tolking av Hávamål 10 terer ho eller alluderer til ed der, men slik at lesaren aldri blir brukte som ein del av eit stiller det aldri som den skjøn eddatekststadene også er freis king av dei. Romanen gjev se meir enn ein roman, og tolkin vurderast for seg. Det året ror Svava Jakobsdóttir eit føredr Svava Jakobsdóttir 1988:242, dan ein fagartikkel om ho (ibi kinga hennar, men eg tykkjer tilfellet *Vindkald* ville det ve mellom ulike synspunkt på tol

Litteratur:

- Ásgeir Blöndal Magnússon, 1989: *Kjavik?*: Orðabók Háskólans
Bugge, Sophus, 1867: *Sæmundar Edda*

dre han bygger på, nemner a er det nokre stader Kittelsen mot Heide 1997 1:121 [jf. Heide 1997:193–ide 1997:132–133]]. Ut frå r valt, er det største problemald og sekundærlitteraturen berre hist og her viser til t er kjepphøgt når ein arbeidet tekstar. Mange gamle fordei har Kittelsen hatt kjennet 1997 (særleg kap. VI-1), cings- og tolkingshistoria til n viss grad Grogaldet. Tolså radikal at ho ikkje er vordare. Avhandlinga er likevel ste forskingsarbeidet som er l og Grogaldet. Ho føreslår le strofene i Fjølsvinnsmålstolking og som opnar heilt det. Da er det useriøst av ne avhandlinga anna enn i (Kittelsen 2001:123–125). frå at lesarane kunne hatt inkap til dei nye lesemtane, kje vil bygge på dei. Eg fort som også er skjønnlitterær tilvisingar. Det kunne han ar, t.d. gjennom å liste opp raturen ein bygger på bak i os Meulengracht Sørensen sjønnlitterær, men poenget ikkje løyse problemet med ur ein bygger på eller å sjå rt tidlegare.

sidene av *Vindkald* vil eg ikk t får litteraturvetarar gjera. eit problem at Kittelsen ikk saren kva som er filologiske er tildikting. I det stykket 1989 (basert på Voluspå) telsen samla opplysningane i nærmast som fotnotar unte. Så kjenner lesaren seg

tryggare på grunnteksten, og veit betre kva som er tildikting. I *Vindkald*, derimot, er alt blanda i hop. Lesaren veit mange gonger ikkje om det han les er meint som faktaopplysning, underbygd tolking, gjetting eller dikting. Dette er nok eit bevisst litterært grep, men også litterære eksperiment bør gjera rett mot tekstane dei brukar. Ein ting er å bruke «oppløysingsteknikk» når ein diktar ut frå tekstar som lesaren har eit forhold til eller som han i alle fall kan skaffe seg opplysningar til å vurdere sjølv. Noko heilt anna er det når grunntekstane er blant dei tyngst tilgjengelege og minst kommenterte i ein framandspråkleg litteratur som heller ikkje elles er så godt kjend. Da blir grunntekstane sjanselaus mot dikteren, så sant ikkje dommaren (lesaren) har spesialkompetanse.

Gjenbruk av den norrøne litteraturen er ein god ting, og andre enn norrønfilologar må sjølvsagt få prøve seg. Eg tykkjer Svava Jakobsdóttir er eit godt døme på korleis det kan gjerast på ryddig vis. Ho gav i 1987 ut ein roman som bygger på hennar tolking av Håvamål 104–110. I romanen siterer ho eller alluderer til eddakvede mange stader, men slik at lesaren aldri er i tvil om at dei da blir brukte som ein del av eit diktverk. Ho framstiller det aldri som den skjønnlitterære bruken av eddatekststadene også er freistnader på fagleg tolking av dei. Romanen gjev seg ikkje ut for å vera meir enn ein roman, og tolkinga han bygger på kan vurderast for seg. Det året romanen kom ut, heldt Svava Jakobsdóttir eit føredrag om tolkinga (sjå Svava Jakobsdóttir 1988:242, note 1), og skreiv sidan ein fagartikkel om ho (ibid). Eg stør ikkje tolkinga hennar, men eg tykkjer romanen er god. I tilfellet *Vindkald* ville det vera vanskeleg å skilja mellom ulike synspunkt på tolkinga og diktverket.

Eldar Heide

Litteratur:

- Ásgeir Blöndal Magnússon, 1989: *Íslensk orðsifjabók*. [Reykjavík?]: Orðabók Háskólans
- Bugge, Sophus, 1867: *Sæmundar Edda hins fróða*. Tekstutgåve.

Kristiania: Mallings. Gjenopptrykt Oslo: Universitetsforlaget, 1965

Den norsk-islandske skjaldedigtning. Utg. Finnur Jónsson. Bind 1, A og 2, A (tekst etter handskriftene) og 1, B og 2, B (retta tekst). København: Gyldendal, 1914–1915. Gjenopptrykt København: Rosenkilde og Bagger, 1967 (A) og 1973 (B)

Finnur Jónsson, 1932: *De gamle Eddadigte udgivne og tolkede af Finnur Jónsson*. København: G.E.C. Gads forlag

Heide, Eldar, 1997: Fjølsvinnsmål. Ei oversett nøkkelkjelde til nordisk mytologi. Magisteravhandling i norrøn filologi, Universitetet i Oslo

Kittelsen, Erling, 1989: *Hun*. Dikt over Voluspå. Med oversettelse, originaltekst og kommentarer. Oslo: Aschehoug

Kittelsen, Erling, 2001: *Vindkald*. Oslo: Aschehoug

Sørensen, Preben Meulengracht, 1983: *The unmanly Man. Concepts of sexual defamation in early Northern society*. Rev. omsetting av Joan Turville-Petre. Odense: Odense University Press. Originalutgåve: *Norrønt nid*. Odense: Odense Universitetsforlag, 1980

Svava Jakobsdóttir, 1987: *Gunnlaðar saga*. Reykjavík: Forlagið (Norsk utgåve 1990: *Fortellingen om Gunnlod*. Oversatt fra islandsk og med forord av Jon Gunnar Jørgensen. [Oslo]: Cappelen)

Svava Jakobsdóttir, 1988: «Gunnlöð og hinn dýri mjöður.» *Skírnir* 2-88. 215–245

Att konstruera en kvinna

Gunlög Kolbe:

Om Konsten att Konstruera en Kvinna.

Retoriska strategier i 1800-talets rådgivare och i Marie Sophie Schwartz' romaner

Skrifter utgivna av Litteraturvetenskapliga institutionen vid Göteborgs universitet nr 42, 2001, 297 sidor

När det som ibland kallas den borgerliga romanen föddes på 1700-talet skedde detta i symbios med en mängd genrer. En av dessa var den s.k. rådgivningslitteraturen, dvs. den litteratur som tillhandahöll råd rörande uppfostran och uppförande. Att undersöka hur dessa båda genrer formades i relation till varandra har inte tidigare gjorts på svenska material. Nu har emellertid Gunlög Kolbe disputerat på en avhandling i litteraturvetenskap som utgår från 1800-talets svenska rådgivningslit-